

# **FIKSDAL BARNEHAGE**



**Vår visjon**

**«EIN TRYGG STAD FOR TRIVSEL, LEIK OG LÆRING»**



## Innhold

<b>LITT OM BARNEHAGEN VÅR .....</b>	<b>2</b>
Kontaktinformasjon .....	2
<b>DEN FØRSTE TIDA I BARNEHAGEN .....</b>	<b>3</b>
<b>BARNEHAGEN SINE FORVENTNINGAR TIL FORELDRA .....</b>	<b>4</b>
<b>PRAKTISKE OPPLYSNINGAR .....</b>	<b>5</b>
Informasjonskanal- Appen «Min barnehage» .....	5
Dagsrytme .....	5
Måltid i barnehagen .....	6
Kva treng barnet i barnehagen? .....	6
Eigne leiker .....	7
Sjukdom .....	7
Medisinering og ansvar .....	7
Rutiner for overgang mellom barnehage og skule .....	7
Levering/henting .....	7
Oppholdstid .....	8
Parkeringsplassen .....	8
Porten .....	8
Mobiltelefon .....	8
Kontaktinformasjon til foreldre .....	8
Røyking .....	8
Beredskapsplanar .....	8
Kjøp av dagar .....	9
Bot .....	9
Sommarferie .....	9
Feriar ellers .....	9
Planleggingsdagar .....	9
Høgtider .....	9
Fødselsdagar .....	10
<b>SAMARBEID .....</b>	<b>10</b>
Foreldresamtalar .....	10
Foreldremøter .....	10
Samarbeidsutvalet .....	10
Foreldrerådet .....	10
Døme på andre aktuelle samarbeidspartnarar .....	11
<b>TILSYN .....</b>	<b>12</b>

## **LITT OM BARNEHAGEN VÅR**

Fiksdal barnehage ligg fint til med skog og fjøre som nærmeste nabo, noko som gir oss mange flotte turopplevelingar. Me har ein stor inngjerda leikeplass som byr på variasjon når det gjeld både vegetasjon og leikeapparat.

I tillegg til flott uteområde å leike på har barnehagen ei stor «garasje» som er innreia for aktivitet og leik for barn. Her kan barna få veksle mellom såkalla utelek og innelek og få varma seg på kalde dagar. I tillegg har barnehagen eigen gapahuk og bålpanne. Dette gir eit godt grunnlag for mykje fin uteaktivitet i alle slags vær.

Barnehagen er lokalisert sentralt i bygda med Fiksdal friskule som nærmeste nabo og med kort veg til matbutikk. Skulen og barnehagen har eit tett og nært samarbeid. Barnehagen nyttar seg mellom anna av gymsal og legg til rette for besøk og aktivitet på tvers av barnehagen og skulen.

Barnehagen sitt arbeid vert planlagt ut frå viktige styringsdokument som [Rammeplan for barnehagen](#), [Lov om barnehagar](#) og barnehagen sin eigen. Innhaldet i kvar dagen skal legge til rette for barns medverknad og barnets beste. Aktivitet/innhald kjem fram av eigne planar og dokumentasjon som vert delt av pedagogisk leier/barnehagelærar.

Fiksdal barnehage blir drifta av leiing felles med Tomrefjord- og Gardstunet barnehage.

### **Kontaktinformasjon**

Besøksadresse: Fiksdalsvegen 25, 6394 Fiksdal

**Styrar** Tine Veronica Malin Bårdsnes (**Kontaktperson Fiksdal barnehage**)  
e-post: [tine.baardsnes@vestnes.kommune.no](mailto:tine.baardsnes@vestnes.kommune.no)  
Telefon: 95267255

**Einingsleiar** Lise Grønningsæter  
E-post: [lise.gronningseter@vestnes.kommune.no](mailto:lise.gronningseter@vestnes.kommune.no)  
Telefon: 90720911

**Telefon avdeling:** 913 30 790

## **DEN FØRSTE TIDA I BARNEHAGEN**

Det å begynne i barnehage kan være ein stor overgang for mange barn. Vi i Fiksdal barnehage ønskjer å gjere overgangen så god som mogleg i samarbeid med føresette.

### **Før oppstart:**

På våren vil vi invitere dei nye barna til leikegruppe. Detter er eit frivillig lågterskeltilbod. Meir informasjon om tidspunkt i tilbodsbrev.

### **Ordinær oppstart:**

Det kan ta tid for eit nytt barn å bli godt kjent i barnehagen, og det er veldig individuelt kor lang tid det tek. For nokon kan det gå veldig fort, medan andre kan bruke lang tid.

Dei 2 - 3 første dagane bør foreldra være tilstede og besøka korte. Det er mange nye inntrykk for eit barn, og derfor ønskjer vi at tilvenninga til barnehagen skjer gradvis. Kortare dagar er å anbefale. Det er betre å gå medan barnet har det kjekt i barnehagen så han/ho kan glede seg til neste dag. Den første tida er av stor betydning for korleis barnet vil trives vidare.

Rammene for dei første dagane er:

- Barnet skal ha korte dagar den første tida
- Barnet skal føle seg trygg når du går
- Det skal være lett å få tak i deg når du ikkje er i barnehagen
- Dykk skal være trygge på at vi ringer dersom vi ser at barnet er utilpass.

Det er viktig at de som foreldre viser ei open og positiv haldning, samt oppmuntrar barnet til å delta og ta kontakt. Dette fører til at barnet raskare blir trygt og godt kjend med barn og vaksne i barnehagen.

Når barnet byrjar å føle seg trygg, kan du trekke deg litt meir ut av avdelinga. Dette avtalar du med avdelinga undervegs. Informer barnet om **at du går, og at du kjem tilbake.**

Målet med oppstartsperioda er:

- Barna skal bli kjend med og verte trygg i barnehagen
- Personalet skal bli kjend med barn og foreldre

## **BARNEHAGEN SINE FORVENTNINGAR TIL FORELDRA**

Vi forventar at foreldra:

- Tek initiativ til kontakt med personalet og at de tek opp ting de opplever som vanskeleg eller negativt slik at vi kan finne ei løysing i fellesskap.
- Tek imot, les og føl opp den informasjon som blir gitt i form av vekeplanar, ulike skriv, beskjedar m.m. Spør om de lurer på noko.
- Brukar Visma barnehage appen og held seg fortløpande oppdatert på informasjon.
- Gir beskjed til barnehagen om fråvær så snart ein veit og seinast innan kl 09.15 same dag.
- Viser engasjement i høve barnehagen sitt innhald. Kom gjerne med idear og innspel.
- Deltek på arrangement så langt det er råd. Dette for at barna ikkje skal gå glipp av fellesopplevelingar som vert snakka om i barnehagen før og etter arrangement.
- Viser respekt for barnehagen sine reglar ved sjukdom av omsyn til eigne og andre sine barn
- Viser respekt for at eigne leiker ikkje er tillat i barnehagen. Dette kan være kjelde til at konfliktar oppstår.
- Tek ansvar for at det ryddig kring barnet sin garderobepllass. Dette er foreldra sitt ansvar. Rydd og sett på plass sko/støvlar m.m. Ta med skitne kle og fyll ev. på med nye.



## **PRAKTISKE OPPLYSNINGAR**

### **Informasjonskanal- Appen «Min barnehage»**

«Min barnehage er barnehagen sin digitale kommunikasjonsplattform ut til foreldre/føresette.



I appen kan du enkelt:

- Motta og sende meldingar direkte med barnehagen
- Registrere fråvær frå barnehagen (fri, sjuk, ferie)
- Motta «dagbok» frå barnehagen om aktivitet/innhald frå dagen i form av tekst/bilete
- Få felles beskjedar som gjeld heile barnehagen eller den enkelte avdeling.
- Gje eller avslå samtykke

Merk at appen ikkje er tilgjengeleg før ved oppstartsdato på barnet.

Appen kan du enkelt laste ned i app-store eller google play. Etter nedlasting loggar du deg inn med ID-porten ved første gongs bruk, vel Vestnes Kommune i oversikta. Ytterligare informasjon og brukarstøtte finn du [her](#).

### **Dagsrytme**

Merk at dette er vanlegvis dagsrytme og meint som eit «bilete» for å sjå korleis ein dag i barnehagen kan sjå ut. Tidspunkt for dei ulike aktivitetane vil variere alt etter dei ulike behova i barne- og personalgruppa.

Kl. 07.00	Barnehagen opnar (Viktig å merke seg at barnehagen kan opne 06.45 om dykk har behov for dette. Ta kontakt med barnehagen si leiing).  Frileik
Kl. 08.00	Frukost Tannpuss
Kl. 09.30	Aktivitet, gruppdeling, leik, turar i nærmiljøet m.m.
Kl. 11.00	Lunsj
Kl. 12.00	Kviling Uteleik
Kl. 14.00	Mellommåltid
Kl. 15.00	Frileik / rydding
Kl. 16.30	Barnehagen stenger
Sove/kvile: Det vert lagt til rette for at dei som skal sove/kvile, får sove/kvile når dei har behov for dette. Dette vert avtalt i dialog med heimen.	

## Måltid i barnehagen

Barnehagen serverer lunsj og ettermiddagsmåltid. Frukost blir tatt med heimanfrå. Det vert servert brød/ knekkebrød til dei fleste måltid samt varmmat ein gong i veka i tillegg til frukt og grønsaker kvar dag. Vi er oppteken av å kunne tilby barna eit sunt å variert kosthald og vi har utarbeida ein felles kosthaldsplan saman med Tomrefjord- og Gardstunet barnehage, der vi har teke utgangspunkt i retningslinjer for mat og måltid i barnehagen frå helsedirektoratet. Denne finn du også på heimesida til Vestnes kommune under Fiksdal barnehage.

## Kva treng barnet i barnehagen?

- Innesko/tøfler som er sklisikre og gode å bevege seg i.
- Ekstra skift frå innerst til ytterst som skal ligge i korga til barnet i garderoben  
(obs på våte periodar, då treng dei gjerne fleire skift).
- Varme kle (ull, fleece – været endrar seg raskt)
- Gode klede og sko/støvlar som barna kan ha på seg ved uteleik. Drøft gjerne med personalet på avdelinga om du er usikker på kva klede som er hensiktsmessige.
- Parkdress, regnkle og støvlar skal ALLTID være i barnehagen
- Drikkeflaske (god å drikke av, som ikkje lek og som er lett å halde rein)
- Bleier og våtserviettar til dei som brukar det
- Vogn, vognpose, myggnetting, regntrekk og vognsele (om det ikkje er integrert i vogna)
- Solbriller og solhatt ved sommarvêr (barnehagen kjøper anbefalt solkrem mot at de betalar eit lite bidrag – då slepp vi så mange ulike tuber. Det vert sendt ut melding om dette)
- Tannbørste og tannkrem



Merking av kle, sko/støvlar, matboksar og alt anna utstyr er nødvendig. Det gjer det lettare for både foreldre, personalet og barnet sjølv å halde orden på eigne ting. Ta ikkje med kle og utstyr som de er redd for skal bli øydelagt.

Det finnes merkelappar som dykk kan bestille. Det går også fint å bruke merkepenn.

**For at barna skal ha det kjekt å oppleve glede over å få være ute, må dei halde seg tørr og varm. Det er derfor særsviktig at dei har hensiktsmessige klede til ein kvar tid.**

Vi ser helst at de **ikkje brukar kle med fast hatte og snor i barnehagen** pga fare for kveling og av sikkerhetsmessige orsakar.

Om du har behov for å bruke sekk til/frå barnehagen. Ber me om at desse vert sett på toppen i garderoben av sikkerhetsmessige orsakar.

## Eigne leiker

Det er lov å ta med bok, samt kosedyr barna er knytt til, men ta ikkje med leiker heimanfrå då det ofte skaper konfliktar.

## Sjukdom

Sjuke barn skal naturlig nok ikkje være i barnehagen. Barn som er i barnehagen, skal være friske nok til å være ute og delta i barnehagens aktivitetar.

Det er barnets allmenntilstand som avgjer om barnet kan gå i barnehagen eller bør være heime. Aktivitetsnivået i barnehagen er høgt.

Dersom barnet får ein ekstra dag heime, er sjansen for tilbakefall mindre, og faren for å smitte andre barn og personalet blir redusert.

**Barna skal ha minst ein feberfri dag heime før dei kjem tilbake i barnehagen. Ved oppkast og diare føl vi 48 timars reglene, altså barnet skal ikkje kome i barnehagen før det har gått 48 timer etter at det er symptomfri (siste diare/oppkast)**

Gi beskjed til avdelinga om morgenon **innan kl.09.30 dersom barnet er sjuk.**

Dersom barnet blir sjuk i barnehagen, vil personalet ringe til foreldra, og barnet må hentast snarast.

## Medisinering og ansvar

Foreldra har ansvar for medisinering av sine barn. Dersom legemidlar må tas i den tida barnet er i barnehagen, skal det føreligge ein skriftleg avtale på fastsett skjema mellom foreldre og barnehagen om korleis dette skal gjerast. Personalet skal ikkje på eigenhand foreta medisinering med handkjøpspreparat som for eksempel smertestillande eller febernedsettande.

Medisinen skal leverast personalet i barnehagen for oppbevaring i låst skap og ikkje bli liggande i barna sin sekk eller på plassen til barna.

## Rutiner for overgang mellom barnehage og skule



Vi har eit tett samarbeid med Fiksdal Skule. Ein eigen lokal plan legg føringar for korleis overgangen mellom barnehage og skule skal gjennomførast. Den inneholdt blant anna fleire skulebesøk.

I tillegg har vi førskulegruppe for dei som går siste året sitt i barnehagen. Her forbereder vi oss til skulestart gjennom skuleførebuande aktivitetar. Føresette med førskulebarn vil få nærr informasjon om dette arbeidet på første foreldremøte.

## Levering/henting



Sei "Hei" når du kjem og "Ha det" når du går.

Når vi er ute om ettermiddagen, er det spesielt viktig at det blir registrert når barn går. **Ønskjer at de oppfordrar barnet dykker til å rydde før de reiser frå barnehagen.**

Føl barnet inn på avdelinga.

Dei alle fleste aktivitetar i barnehagen startar kl. 9.30. Det vil sei at det er fint om barnet er levert til då og at de gir beskjed om det blir forsinka eller ikkje kjem. **Vi går ut frå at barnet ikkje kjem i barnehagen, om vi ikkje har høyrt noko før kl.9.30.**


Dersom andre enn foreldre/føresette skal hente barnet, må de gi beskjed.

## Opphaldstid

Barna kan ikkje opphalde seg i barnehagen i meir enn 9 timer pr. dag sjølv om barnehagen har lengre opningstid.

## Parkeringsplassen

Stopp motoren! Det er farleg, men også veldig ubehageleg med eksos som kjem ned på leikeområdet til barna. Me ønskjer også at dykk ryggar bilen inn på parkeringsplassen. I den mørke årstida er det spesielt vanskeleg å sjå barna bak ryggande bilar.



## Porten

**Lukk alltid porten og ha på kjetting!** Barn kan lett smette ut. Parkeringsplassen er uoversiktlig om morgonen og ettermiddagen når mange leverar og hentar samtidig. Barna skal alltid gå i følgje med foreldre ut av porten og ikkje gå i førvegen for å vente ved eller i bilen.

## Mobiltelefon

Så langt som råd, vær vennleg å ikkje bruk mobiltelefonen når du er på barnehagens område. Det er viktig at du er tilstade for barnet når du leverer og hentar i barnehagen. Vis interesse for det som barnet har opplevd i løpet av barnehagedagen.

## Kontaktinformasjon til foreldre

Foreldre må passe på at barnehagen har oppdatert e-postadresse, telefonnummer på arbeid, heim og mobil. Vi må også ha telefonnummer til ein kontaktperson dersom vi ikkje får foreldra eller dersom foreldra er vekke. Dette legg dykk i appen «min barnehage».

## Røyking

Barnehagen er eit røykfritt område.

## Beredskapsplanar

Barnehagen har eit førebyggjande tiltak som skal ivareta tryggleiken ute og inne, og ein beredskapsplan om det skulle oppstå ei skade eller ulykke. Dersom eit barn skadar seg, ringer vi foreldre samtidig som vi kontaktar lege.

## Kjøp av dagar

Dersom du ikkje har full plass til barnet ditt er det mogleg å kjøpe timer i barnehagen. Ein time kostar kr 40,-

For at dette skal være mogleg må det enten være ledig plass på avdelinga som barnet går på i barnehagen, eller det må være fråvær frå eit anna barn.

Derfor er det viktig at **alle ringer barnehagen og gir beskjed dersom barnet ditt ikkje kjem så snart du veit om fråværet, eller seinast kl 09.30 same dag.** Ev. kjøp av dagar avtalast med pedagogisk leiar på førehand. Timekjøp blir fakturert i påfølgande terminbetaling.

## Bot

Om barnet vert henta for seint, dvs etter stengetid får dykk ei bot på kr 200,-. Berekn tid til påkledning, personalet skal kunne låse døra kl 16.30.

## Sommarferie

Kommunestyret har gjort vedtak om sommarstengte barnehagar. Alle dei kommunale barnehagane er stengt dei tre siste vekene i juli og første veka i august (veke 28-31). Barnehagen har som oftast planleggingsdagar dei to første dagane etter sommarferien. Desse dagane er barnehagen stengt.



Ordinær opning vert derfor vanlegvis onsdag i veke 32. Nye barn får eigne tilvenningstider og må føl desse.

## Feriar ellers

I jul- og påskeferie vil det være tilbod i eigen barnehage. Det vil bli sendt ut ein digital undersøking om barna skal være i barnehagen eller ikkje i det aktuelle tidsrommet. Undersøkinga er bindande då vi set opp personale på jobb etter kor mange barn som skal nytte tilbodet.

Det er og fint om dykk kan gje beskjed dersom barna tek fri i haust- og vinterferien, samt «inneklemta dagar».

## Planleggingsdagar

Barnehagen har fem planleggingsdagar gjennom året. Desse er datofesta og vert opplyst om i årsplana til Fiksdal barnehage. Barnehagen er stengt desse dagane.

## Høgtider

Vi markerar dei kristne høgtidene jul og påske. Det er lagt opp til barnehagegudstjeneste i kyrkja før jul. De kan om de vil reservere dykk og barnehagen kan lage alternativ opplegg i barnehagen. Vi kan og markere andre religionar si høgtid etter barn og føresette sine ønskjer.

## Fødselsdagar



Alle barn får markere fødselsdagen sin i barnehagen. Då heng vi ut flagg og pyntar på avdelinga. Barna får velje mat frå bursdagsmeny og det vert gjort litt ekstra stast på barnet denne dagen.

Det er ikkje lov å dele ut bursdagsinvitasjonar i barnehagen men barnehagen kan være behjelpeleg med telefon og adresseliste.

## SAMARBEID

Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmogleheter i nær forståing og samarbeid med barna sin heim (barnehagelova § 1 )

Foreldra er våre viktigaste samarbeidspartnarar. Vi ønskjer eit nært og opent samarbeid med foreldre slik at vi sikrar at barna blir best mogleg tatt vare på. Det skal være lav terskel for å ta kontakt og vi ønskjer at de skal få best mogleg informasjon om barnet ditt.

Vi vektlegg å være open og synes det er viktig med gjensidig informasjon.

Hendvendingar som gjeld enkeltbarn gjer vi alltid i samråd med foreldra til dei barna det gjeld.

## Foreldresamtalar

Alle får tilbod om samtale to gongar pr. barnehageår. Ein om hausten og ein om våren. Det er frivillig å møte om hausten (obligatorisk for nye barn), men obligatorisk for alle om våren. Det er i hovudsak pedagogisk leiar/barnehagelærar som gjennomfører samtalen. Ein kan sjølvsgått når som helst be om samtalar utanom om dette.

## Foreldremøter

De får invitasjon til foreldremøte/ foreldrerådsmøte ein til to gongar pr. år. Vi held det første foreldremøte i august/september. Der har vi og eit eige foreldremøte for dei barna som skal begynne på skulen neste haust.

## Samarbeidsutvalet

Samarbeidsutvalet er eit samarbeidsorgan for foreldre, personale og barnehagens eigar, som er Vestnes kommune. Samarbeidsutvalet behandler saker som vedkjem barnehagens alminnelege drift.



Samarbeidsutvalet skal og fastsette ein årsplan for barnehagen og ta opp saker som er viktig for barnehagen, foreldre og barn.

## Foreldrerådet

Foreldrerådet er alle foreldra i barnehagen.

## Døme på andre aktuelle samarbeidspartnalar

Barn kan av ulike orsakar har behov for ekstra støtte å oppfølging i kortare, eller lengre periodar. Tverrfagleg samarbeid er derfor ein naturleg del av barnehagekvardagen. Tverrfagleg samarbeid omhandlar mellom annat ulike fagmiljø i lag skal finne dei beste løysingane for barnet, barnehagen og heimen. Barnets behov skal alltid vere utgangspunkt. Døme på aktuelle samarbeidspartnalar er:

- **Pedagogisk Psykologisk teneste** (PPT): PPT skal hjelpe barnehagen og skulen slik at dei kan gje barn og elevar tilfredsstillande utbytte av tilbodet. PPT skal bistå barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å tilrettelegge tilbodet for barn med særlege behov. Med PPT har me mellom andre faste møtepunkt gjennom året der pedagogiske leiar/heim kan diskutere saker både anonymt men også med namn om dette er avklart med heimen.
- **Tverrfagleg Team:** Inn til Tverrfagleg Team kan både heim og barnehage melde inn saker. I Tverrfagleg Team sitt det faste representantar frå helsestasjon, PPT og barnevern som skal sikre ei brei kompetanse inn i teamet. Teamet kan tilby råd og rettleiing knytt til både utvikling, fysisk/psykisk helse, familieliv og barnehagetilbod.
- **Helsestasjon:** Både barnehage og helsestasjon kan ta kontakt med kvarandre når det gjeld oppfølging av barn, men også ved behov for rettleiing i aktuelle tema/problemstillingar. Det er også naturleg for helsestasjon å ta kontakt med barnehage i etterkant av helsekontrollar om dei t.d. har behov for utfyllande informasjon ang. barnets utvikling i barnehage. Samtykke for deling av informasjon mellom barnehage og helsestasjon ligg i foreldreappen.
- **Barnevern:** Barneverntenesta er også ein nær samarbeidspart for barnehage. Barnevern har ei brei kunnskap om barns helse og utvikling og har som hovudmål å sikre at barn som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får rett hjelp til rett tid. Det også derfor dei sitt med fast repr. inn i Tverrfagleg Team. Me arbeidar aktivt for å gjere barnevern «ufarleg» som hjelpeinnstans. Kontakt med barnevern er ikkje einstyndande med at du ikkje er skikka til å vere forelder eller at barnet skal bli tatt ut av heimen. For barnehagen er barnevernet ein rådgjevande instans i tilfelle der barnehagen treng råd og rettleiing. Dette kan vere kring ulike tema/problemstillingar, men også i forkant av ei ev. bekymringsmelding. For heimen er også barnevernet ein rådgjevande instans som kan rettleie foreldre der ei har behov for dette. I tillegg kan barnevern sette inn hjelpetiltak i from at støttekontakt, avlastning for foreldre, besøksheim, økonomisk hjelp m.m.

## **TILSYN**

Vestnes kommune som barnehagemyndigkeit skal føre tilsyn med alle barnehagar i kommunen etter §§ 8 og 16 i Lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar.

I Vestnes kommune er gjennomføringa av tilsyn delegert til administrasjonssjefen v/kommunalsjef for oppvekst. Tilsynsansvarleg gjennomfører tilsynet saman med barnehagekonsulenten.

Tilsyn med barnehagane er ei kontinuerleg oppgåve. For å sikre kontinuitet, systematikk og gode rutinar i tilsynsarbeidet er det nødvendig at kommunen har ein plan for tilsynet. Planen skal vere kjent for barnehageeigarane, tilsette og foreldre.

Viser til planen: "[Plan for tilsyn med barnehagane i Vestnes kommune](#)"

Avvik som kjem fram i tilsyn med barnehagane kan bli meldt til kommunestyret via driftsrapport.

**Lykke til som barnehageforeldre!**



Helsing personalet i Fiksdal barnehage.